



OFFENTLEG MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtedato: 05.02.2014
Møtetid: 15:00 - 18.45
Møtestad: Kommunehuset

Av 7 medlemmer møtte 7, inkludert 1 varamedlemmer.

Desse medlemmene møtte ikkje:	I staden møtte:
Roy Vegard Hope (H)	Eva Hellevang (H)

Andre som var til stades på møtet:

Rådmann Ramsli, ass.rådmann Våge og stabsjef Boge.

Møteleiar:	Marit Aase (Krf)
Møtesekretær:	Hilde-Lill Våge

Merknader:

Orienteringar/meldingar:	<p>-<u>Rådmannen</u> orienterte om tilsyn av Fylkesmannen (FM) på kommunen sine plikter etter BVL§ 2-3 4ledd, jfr 2-3b. - Oppfølging av barnevernstenesta jfr brev datert 16.01.14.</p> <p>-<u>Ordførar (Krf)</u> orienterte om svar frå FM datert 27.01.14 på Lovlegkontroll av vedtak i kommunestyret den 06.11.13. Klagen vert avvist. Svaret frå FM vert sendt ut til alle kommunestyrerepresentantane.</p> <p>-<u>Rådmannen</u> orienterte om sak vedk konsesjonssøknad i Sandeelva. Kommunen som medeigar og formannskapet må vedta om dei sluttar seg til søknaden.</p>
Spørsmål/interpellasjonar:	<p>-<u>Birthe Skar-Modum (Ap)</u> har fleire høve etterlyst sak om utbyggingsavtaler for konsesjon på kraft. Rådmannen orienterte om at det vil verte ei sak på dette.</p> <p>-<u>Brigt Olav Gåsdal (Ap)</u> ønska ei sak på kommunestyret si haldning til konsesjon på småkraft. Rådmannen orienterte om at dette vil verte tema i samband med handsaming av småkraft planen.</p> <p>-<u>Gåsdal (Ap)</u> orienterte om samtalar med Bjørlo vedk søknad om tilskot til Høgfartsbane. Rådmannen</p>

orienterte om at når ein slik søknad føreligg må den verte handsama politisk.

-Birthe Skar-Modum (Ap) ønska status på korleis ventilasjonsanlegget på barneskulen fungerer.

Rådmannen orienterte om at teknisk vil kunne gje dette til neste møte.

-Øyvind Røen (Sp) stilte spørsmål om paviljongen på Bjørkheim. Den er i dårlig forfatning. Røen ønskjer ei

oversikt over dei totale driftskostnaden på denne.

Rådmannen orienterte om at paviljongen vil verte reven. Økonomisk status vil verte lagt fram seinare.

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, 19.02.2014

Underskrift utvalsleiar

Underskrift møtesekretær

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
003/14	14/122	Faste saker	
004/14	13/849	Oppfølging rapport barnevern	

SAKNR. 003/14
FASTE SAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-

05.02.2014 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.

FORM-003/14 VEDTAK:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

SAKNR. 004/14

OPPFØLGING RAPPORT BARNEVERN

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram til drøfting.

05.02.2014 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Ordføraren gjorde framlegg om at drøftinga av saka skulle gå for lukka dører. Formannskapet slutta seg samrøystes til dette.

[Redacted text block]

[Redacted text block]

[Redacted text block]

[Redacted text block]

[Redacted text block]

FORM-004/14 VEDTAK:

Rådmannen får fullmakt til å inngå tingingar med einingsleiar for sosial og helse/barnevernssjefen.

Formannskapet sluttar seg til rådmannen sine vurderingar om oppfølging av rapporten frå granskinga av barnevernet på område som intern kontroll og samhandling.

Formannskapet stør at rådmannen vurderer heile den administrative organiseringa i Samnanger kommune. Formannskapet ønskjer å vera ein aktiv medspelar i dette arbeidet. Rådmannen kjem attende med eiga sak som også inkluderer opplegg, organisering og framdriftsplan.